



Hordaland krins av norsk speiderforbund
v/ Endre Helland

Dato: 13.05.2014
Vår ref.: 2014/12424-68
Saksbehandlar: ellsynn
Dykkar ref.:

Avslag på søknad om tilskot til fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv 2014 – Friluftsliren

Vi viser til søknaden dykkar i tilskotsordninga Fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv, sendt 14.02.14. Vi må diverre melde avslag på søknaden.

Vurderingsgrunnlag

Hordaland fylkeskommune fekk i 2014 kr 900 000,- til fordeling frå Helsedirektoratet. Det kom inn 37 søknadar innan fristen. Fordelinga er samordna med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar innan fysisk aktivitet og friluftsliv. Vurdert i høve øyremerkning av midlar, andre prosjektsøknader og tilgjengelege midlar, er vi kome til at vi dessverre ikkje kan medfinansiere prosjektet.

Friluftsliren vert ikkje prioritert ved dette høvet på bakgrunn av at prosjektet har pågått i over 3 år. I vurdering av tiltak som elles har lik prioritering, vert tiltak som har pågått i over 3 år nedprioritert. Dette då midlane skal nyttast til utvikling av nye prosjekt.

Klage/innsyn i dokumenta

Behandling av søknadar i tilskotsordninga vert ikkje sett på som enkeltvedtak, og i fylgje Forvaltningslova § 2, første ledd bokstav a og b, er det ikkje klagerett.

Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for tilskotsordninga er Ellen Strøm Synnevåg, tlf 55378017, e-post Ellen.Strom.Synnevag@hfk.no.

Ved spørsmål etter 15.07.14, ta kontakt med Anne Mette Nesje Porten, e-post: Anne.Mette.Nesje.Porten@hfk.no.

Vi ynskjer dykk lykke til vidare!

Med helsing

Bård Sandal
Regionaldirektør

Ellen Strøm Synnevåg
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.